



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 010
Arkivsaksnr: 16/447	Løpenr: 17/5564
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Valstyret	01.06.2017	004/2017

### Val av medlemmer til røystestyra ved Stortings- og sametingsvalet 2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved stortings- og sametingsvalet 11.09.2017, slik det framlagde forslaget viser.

Varamedlemmene er sett opp i prioritert rekjkjefølgje.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

#### 01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke med følgjande tillegg: Leiaren i valstyret får fullmakt til å peika ut leiar og nestleiar i røystestyra.

#### VAL- 004/2017 Vedtak:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved stortings- og sametingsvalet 11.09.2017, slik det framlagde forslaget viser.

Varamedlemmene er sett opp i prioritert rekjkjefølgje.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å peika ut leiar og nestleiar i røystestyra.

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Valgloven med forskrift

Kommunal- og moderniseringsdepartementet si Valhandbok.

**Kva saka gjeld:**

Kvar røystekrins skal i følgje valgloven §4-2 ha eit røystestyre. Det skal sitja minst tre personar i kvart røystestyre (jf. kommunelova §10). Det er røystestyre som skal bemanna røystelokala og ta imot røyster 11.09.2017 i dei ulike krinsane.

I Samnanger kommune har kommunestyret delegert oppnemninga av røystestyra til valstyret.

(jf. §4-2 i valgloven)

Administrasjonen foreslår at det vert teke utgangspunkt i lista over medlemmer i røystestyra ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015, og at personar frå denne lista vert valde til å sitja i røystestyra også ved stortings- og sametingsvalet 11.09.2017.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 var det 6 medlemmer i kvart røystestyre. I tillegg var det 5-6 varamedlemmer i kvart røystestyre.

Administrasjonen foreslår at ein ved stortings- og sametingsvalet 2017 vel 6 medlemmer og 3 varamedlemmer. Dette bør vera tilstrekkeleg til å administrera valet på ein god måte i røystekrinsane.

Det er etter vallova ikkje krav om at medlemmene i eit røystestyre må vera busette i den aktuelle røystekrinsen. Men i Samnanger har det slik me forstår det vore tradisjon at medlemmene i røystestyret er busette i røystekrinsen.

Administrasjonen har på bakgrunn av dette sett opp ei liste med forslag til medlemmer og varamedlemmer til røystestyra i dei tre valkrinsane. Me har vore i kontakt med nokon av dei som tidlegare har sete i røystestyra. Administrasjonen vil i løpet av veka ta kontakt med fleire personar. Dei personane som administrasjonen har kontakta og som er positive til å stilla som leiar/medlem/vara i røystestyra ved valet i 2017, er oppførte på lista under. Eit oppdatert forslag vil truleg verta delt ut i møtet.

**Krins 01 - Nordbygda - (Nordbygda grennahus)**

Namn	Rolle	Adresse
Astrid Håhjem		Raunekleivvegen 43, 5652 Årland
Helge Reistad		Solbjørgvegen 652, 5652 Årland
Lisbeth Aadland		Lindane 49, 5652 Årland

**Krins 02 - Tysse - (Samnanger ungdomsskule)**

Namn	Rolle	Adresse
Arvid Tysse		Tyssevegen 232, 5650 Tysse
Solveig L. Langeland		
Karin Tveit		Tyssevegen 201, 5650 Tysse
Bjørn Bertelsen		Utskotevegen 21, 5650 Tysse
Tone Kari Kristiansen		Ytre-Tysse 76, 5650 Tysse

**Krins 03 - Gjerde - (Nesodden bedehus)**

<b>Namn</b>	<b>Rolle</b>	<b>Adresse</b>
Åse Waage Tveit		Bjørkhaugen 5, 5650 Tysse
Brynjulf Hernes		Bjørkhaugen 18, 5650 Tysse
Asbjørn Moss		Tyssevegen 109, 5650 Tysse

**Vurderingar og konsekvensar:**

Ved å velja personar som har vore med i røystestyre tidlegare, vil behovet for opplæring verta redusert, som følgje av at personane som vert valde har erfaring frå arbeid i røystestyre.